



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
52/2019	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	11.06.2019
45/2019	Kommunestyret	PS	17.06.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE-057, TI-&01	19/654

NY SELSKAPSAVTALE FOR INTERKOMMUNALT ARKIV I HORDALAND IKS FRÅ 2020

Vedlegg:

Selskapsavtale pr. 01.01.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune vedtek selskapsavtale for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.

Vaksdal kommune vedtek tilskotsmodell for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 52/2019

FPØ - Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - Tilråding:

Vaksdal kommune vedtek selskapsavtale for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.

Vaksdal kommune vedtek tilskotsmodell for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.

Kommunestyret - Sak 45/2019

KOM - Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - Vedtak:

Vaksdal kommune vedtek selskapsavtale for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.

Vaksdal kommune vedtek tilskotsmodell for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.

Saksopplysningar:

Bakgrunn:

Den 30. april 2019 gjorde representantskapet ved Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS vedtak om og fremje forslag om endring i selskapsavtala frå 01.01.2020. I same møte vedtok ein og framlegg til eigarbrøk samt ny tilskotsmodell.

Tilskotsmodellen tek utgangspunkt i eit grunnbeløp som er likt for kvar eigarkommune i tillegg til eit fast kronebeløp for kvar innbyggjar ut frå tal frå SSB pr. 1 januar føregåande år.

Eigarbrøken utgår frå samla innbetalt tilskot og vert justert kvart 4 år på bakgrunn i endringar samt inn og utmeldingar i selskapet.

Økonomiske konsekvensar:

Tilskot til selskapet vert i ny tilskotsmodell eit fastbeløp på kr 91 667 samt kr 3,15 pr. innbyggjar. Dette fører til at Vaksdal kommune frå 2020 skal yte eit eigartilskot på kr 104 654.

Dette vert ein reduksjon på kr 3 669 frå 2019. Reduksjonen skuldast at ordning av arkiv ikkje skal dekkast av eigartilskotet lenger. I ny avtale vert dette tilbydd gjennom ein oppdragsavtale der ein betalar for utført arbeid. Vaksdal kommune kan nytte frigjorte midlar til å teikne oppdragsavtale.

Vaksdal kommune sin eigardel i selskapet vert endra frå 2,78 % i 2019 til 3,5 % frå 2020. Dette skuldast at eigardelen føl tilskotet og at eigarbrøken skal fordelast på færre eigarar.

Konsekvensar av eit negativ vedtak:

Skal selskapsavtalen endrast, er det ein føresetnad at det vert gjort likelydande vedtak i samlege av eigarane sine kommunestyre. Ny selskapsavtale er ikkje gjeldande før den er godkjend i føretaksregisteret.

Om det ikkje vert vedteke ny selskapsavtale innan 1. januar 2020 vil gamal avtale gjelde og gamal tilskotsmodell vert lagt til grunn fram til ny er vedteken.